

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2025/694-5

Saksbehandlar

Sara Brattfjell Heggland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2025/39	Plan teknikk og miljøutvalet	14.10.2025

Oppstart av planarbeid med planprogram - Høyring og offentlig ettersyn - Rullering av kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026 - 2033

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Plan- teknikk- og miljøutvalet vedtek at forslag til planprogram for rullering av kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 vert sendt på høyring og lagt ut på offentlig ettersyn jf. plan- og bygningslova (pbl) § 11-13 første ledd.
2. Oppstart av planarbeidet vert kunngjort samstundes med høyring og offentlig ettersyn av planprogram jf. pbl § 11-13 første ledd.
3. Det er føresett at vedtak av kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 vil erstatte gjeldane kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028.

Høyring og offentlig ettersyn av forslag til planprogram, samt varsel om oppstart av planarbeidet, vert kunngjort i lokalpressa og kommunen sin heimeside jf. pbl § 11-12 første ledd. Frist for merknader skal vere minst 6 veker jf. pbl § 11-13 første ledd.

Plan teknikk og miljøutvalet si behandling i møte den 14.10.2025:

BEHANDLING:

Egil Eide, einingsleiar vatn og avløp, informerte før behandling av saka.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. **Plan- teknikk- og miljøutvalet vedtek at forslag til planprogram for rullering av kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 vert sendt på høyring og lagt ut på offentlig ettersyn jf. plan- og bygningslova (pbl) § 11-13 første ledd.**
2. **Oppstart av planarbeidet vert kunngjort samstundes med høyring og offentlig ettersyn av planprogram jf. pbl § 11-13 første ledd.**
3. **Det er føresett at vedtak av kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 vil erstatte gjeldane kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028.**

Høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram, samt varsel om oppstart av planarbeidet, vert kunngjort i lokalpressa og kommunen sin heimeside jf. pbl § 11-12 første ledd.

Frist for merknader skal vere minst 6 veker jf. pbl § 11-13 første ledd.

Vedlegg:

Vedlegg 1 – Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 (15.09.2025)

Saksopplysningar:

Forslagsstillar: Kvinnherad kommune (Eining for Vatn og Avløp)

Samandrag/Saka gjeld:

Saka gjeld oppstart av planarbeid for kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 i samsvar med gjeldande planstrategi for Kvinnherad kommune 2024-2028 vedtatt 19.06.2025.

Gjeldande kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028 må rullerast som følgjer av nye lovkrav og endringar.

Planarbeidet utløyser krav om utarbeiding av planprogram jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13, og saka omfattar difor handsaming av planprogram. Planprogrammet har som føremål å gjere rede for føremålet med planarbeidet, planprosess, medverknad og behov for utgreiingar jf. pbl § 11-13.

Saksutgreiing:

Gjeldande planstrategi for Kvinnherad 2024-2028 vedtatt av kommunestyret 19.06.2025 fastsett at kommunedelplan for vassforsyning og avløp skal rullerast i planperioden 2025-2027.

Arbeidet med rullering vil difor ta utgangspunktet i gjeldande kommunedelplan, men føremålet med planarbeidet er å sikre eit oppdatert plangrunnlag som følgjer opp gjeldande krav og lovverk.

Føremål

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp skal rullerast med føremål om å sikre at planen er oppdatert i henhald til nye krav. Det inneber oppfølging av revidert nytt avløpsdirektiv frå EU (2024/3019) med nye krav til reinsing av avløpsvatn. Ved rullering av kommunedelplanen er det vesentleg at ein sikrar at nye tiltak vert i samsvar med krava i revidert EU-direktiv, slik at anlegg ikkje vert utdatert. Endring av drikkevassforskrifta skal vidare følgje opp EU-direktivet. Kommunedelplanen skal omfatte oversikt over prioriterte tiltak i planperioden 2026-2033 i samsvar med krav og behov. Rulleringa skal vidare inkludere tiltaksplanar og gebyrutvikling. Planarbeidet er tematisk avgrensa for å gjelde vassforsyning og avløp.

Dagens situasjon

Kommunedelplanen skal gjere greie for målsettingar for å sikre berekraftig vass- og avløpsforvaltning i Kvinnherad. Det handlar om å sikre at nye anlegg vert bygd, slik at anlegga ikkje vert utdatert i forhold til nye krav som følgjer av EU-direktiv.

I Kvinnherad er det eit generelt etterslep for utbygging av kommunale avløpsreinseanlegg. Status er vidare at for høg grad av utsleppet går ureinsa til resipientar. Målsettinga er at det skal etablerast reinseanlegg for ureinsa avløp for å redusere miljøpåverknadene. I tillegg er det behov for å effektivisere eksisterande anlegg, og særskilt må utdaterte anlegg med høge driftskostnadar vurderast i planarbeidet. Det kan innebere implementering av ny teknologi. Generelt inneber det

at avløpsreinseanlegg bør prioriterast i områder der mange eigedommar er tilknytt for å oppnå effekt.

Med auka nedbørsmengder er overløp ein utfordring for eksisterande felles avløpssystem, der spillvatn og overvatn vert leda i felles leidning til reinseanlegg. Det vil utløyse behov for å separere avløpsleidningar for å forhindre at ureinsa overløp vert ført til resipientar (bekker, elver, innsjø, fjord), for å sikre omsyn til vassførekomstar. Kommunen er vidare inndelt i avløpssonar som er aktuelt å vurdere i kommunedelplanarbeidet.

For vassforsyning er det behov for å vurdere om anlegg skal skriftast ut, og reservevassforsyning må vurderast i forhold til beredskap for vassverk der det ikkje eksisterer. Det handlar også om å sikre alternative transportveggar ved forsyning av abonnentar dersom bortfall av leidningsnett skulle oppstå.

I Kvinneherad kommune er vassbehandlingsanlegg i både private og kommunalt eigarskap. Det er aktuelt å sikre at nye private vassbehandlingsanlegg vert bygd etter tilstrekkeleg standard ved behov for eventuell kommunal overtaking. I områder med private brønningar er målsettinga at det ved etablering av nye vassbehandlingsanlegg skal vere flest mogleg tilknytta eigedommar. Prioriterte tiltak skal vurderast i planprosessen, til dømes vassleidningar, UV-anlegg, vasskummar, nødvatn og høgdebasseng.

Gjeldande føringar

Planarbeidet er omfatta av gjeldande lover og forskrifter jf. vedlegg 1. EU-direktiv for vatn- og avløpsektoren legg vidare føringar for planarbeidet. Revidert avløpsdirektiv (2024/3019) utløyser behov for rullering av kommunedelplanen, med føremål om at nye prioriterte tiltak er i samsvar med krava. I tillegg er planarbeidet omfatta av endringar i drikkevassforskrifta som er under revisjon for å innføre krav frå Drikkevassdirektivet (2020/2184). I tillegg er planarbeidet omfatta av regionale og lokale føringar jf. vedlegg 1.

Framdrift

Føremålet er at kommunedelplanen skal utarbeidast i 2025-2026, og planprogrammet fastsett framdriftsplan i forhold til prosessreglende for utarbeiding av kommunedelplan jf. pbl kapittel 11:

	2025				2026											
	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
Utarbeiding av planprogram	■															
Politisk handsaming av planprogram i plan-, teknikk- og miljøutvalet		■														
Kunngjering av oppstart av planarbeid			■													
Høyring og offentleg ettersyn av planprogram (6 vekers frist)			■	■												
Merknadshandsaming				■	■											
Revisjon av planprogram					■	■										
Politisk handsaming av planprogram i plan-, teknikk- og miljøutvalet						■	■									
Fastsetting av planprogram i kommunestyret						■	■	■								
Utarbeide planforslag til kommunedelplan	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■						
1.gangsbehandling av planforslaget i plan-, teknikk og miljøutvalet										■	■					
Høyring og offentleg ettersyn av planforslaget (10 veker frist i ferietid)										■	■	■				
Merknadshandsaming og revisjon av planforslaget												■	■	■		
2. gangsbehandling i plan-, teknikk- og miljøutvalet														■	■	

Miljø og klima berekraft:

Generelt har planarbeidet som føremål å sikre miljømessig berekraft der krav til tiltaka vert regulert på nasjonalt- og internasjonalt nivå. Det følgjer av berekraftsmål 6 om reint vatn og gode sanitærforhold skal sikre berekraftig vassforvaltning. Vidare skal berekraftsmål 14 om livet i havet sikre berekraftig utvikling av resipientar. For nye tiltak i rulleringa av kommunedelplanen skal ROS-analyse saman med eventuell konsekvensutgreiing sikre at omsyn til miljømessig berekraft vert vurdert, og at det vert sikra avbøtande tiltak.

Sosial berekraft:

Planarbeidet skal gjennom tiltak bidra til sosial berekraft som har innverknad på folkehelsa.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid

Gjennom planprosessen skal det leggjast til rette for medverknad for å sikre samarbeid.

Konklusjon

Etter samla vurdering vert tilråd kommunedirektøren at planprogrammet vert lagt på høyring og offentleg ettersyn, og at det samstundes vert meldt oppstart av planarbeidet.